

VANN MIDT-TELEMARK KOMMUNE, Teknisk forvaltning
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Deres ref: 25/9679-5
Vår ref: 2025/225557
Dato: 06.11.2025

INNSPEL TIL HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN AV PLANPROGRAMMET OG VARSEL OM OPPSTART AV KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Vi viser til varsel om oppstart av arealplan datert 8.9.2025, dykkar ref. 25/9679-5.

Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for områda plantar, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans har vi i oppgåve å bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Mattilsynet sine forventningar til:

-Planprogrammet

Vi ser positivt på at vassforsyning er omtalt i forbindelse med næringsformål.

Ordet «infrastruktur» må definerast for å gjere det tydelig om vassforsyning er inkludert i kapittel 5.2.

Vassforsyning må omtalast under kapittel 5.2 om samfunnstryggleik og kapittel 4.2 om folkehelse.

-Kommuneplanens arealdel

I planskildringa skal det komme fram korleis relevante nasjonale og regionale forventningar og nasjonale mål blir teke omsyn til i forslag til kommuneplanens arealdel.

Det skal også komme fram korleis planstrategien til kommunen og føringar i kommuneplanens samfunnsdel er vidareførte i kommuneplanens arealdel. Det er viktig at planar er tilstrekkeleg oppdaterte og møter framtidens behov.

Nasjonale forventningar

Vi viser til [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#), der reint og trygt drikkevatt er omtalt med følgjande punkt:

- Kommunane har ansvar for å sikre hushalda og næringslivet tilgang på tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt. Dette er ein føresetnad for god helse og eit velfungerande samfunn.
- Sikring av drikkevasskjelder og areal til infrastruktur for vassforsyning og avløp er ein viktig del av kommunale planar.
- Vassførekomstar som vert brukt til vassforsyning, må vernast mot forureining med omsynssoner med tilhøyrande planføresegner.
- Beskyttelse mot forureining vil også bidra til å redusere behovet for reinsing av drikkevatt.
- Ei robust vassforsyning er avgjerande for samfunnstryggleiken.
- Det er viktig at den kommunale sektor- og arealplanlegginga vert sett i samanheng og bidreg til å løyse desse utfordringane.

Vi viser også til at kommunens drikkevassforsyning skal inngå i vurderinga av samfunnstryggleiken i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Nasjonale mål for vatn og helse

Regjeringa vedtok [Nasjonale mål for vann og helse med gjennomføringsplan – \(regjeringen.no\)](#) i februar 2024. Hovudmålet er å sikre tilstrekkelege mengder reint drikkevatt og tilfredsstillande sanitære forhold for alle. I Noreg er det mange tusen privateigde enkeltvassforsyningar og små vassforsyningssystem som forsyner husstandar og fritidseigedommar. Drifta og kunnskapen om drikkevatt varierer sterkt, og berre eit fåtal av dei minste vassforsyningane har vassbehandling. Dette utfordrar tilgangen til trygt og nok drikkevatt.

Dei 25 nasjonale måla har delmål som omhandlar vern av vasskjelder, leveringstryggleik og beredskap for drikkevatt. Måla er særleg basert på FNs berekraftsmål nr. 6 for å sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til trygt drikkevatt.

I plansamanheng er følgjande nasjonale mål spesielt viktige på drikkevassområdet:

Mål nr. 4 – Alle vassførekomstar med uttak av drikkevatt skal vere beskytta mot forureining

Mål nr. 5 – Kommunal samfunnsplanlegging skal sikre innbyggjarane trygt drikkevatt, og drikkevassomsyn skal ivaretakast i arealplanlegginga

Mål nr. 6 – Kommunen skal ha heilskaplege planar og tiltak som ser vatn, avløp og arealbruk i samanheng

Mål nr. 11 – Kommunens overordna risiko- og sårbarheitsanalyse skal ivareta tryggleiken i drikkevassforsyninga

Mål nr. 12 – Kommunens beredskapsplanverk skal sikre alternativ drikkevassforsyning for alle, om nødvendig gjennom samarbeid

Relevant regelverk

Kommunen skal i samsvar med folkehelselova kapittel 2 ta drikkevassomsyn når arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplanar vert utarbeidd, og dessutan når det vert gitt løyve etter relevant regelverk, jf. § 26 i drikkevassforskrifta. Dersom vassforsyningssystemet ligg i fleire kommunar, skal de om nødvendig ta initiativ til eit interkommunalt plansamarbeid.

Omsyn til drikkevatt i kommuneplanens arealdel og planprogrammet

Vi forventar at kommunen har arealformål som bidreg til å beskytte vasskjelder brukt til drikkevassproduksjon. I tillegg må omsynssoner (H110 / H120) vere tydeleg markert i plankartet, med konkrete føresegner som regulerer bruken av desse områda.

Vassverkseigar skal gjennomføre ei farekartlegging og farehandtering av vasskjelde med tilsigsområde i tråd med krava i drikkevassforskrifta § 6 og etablere vern etter § 12. Denne farekartlegginga skal vere grunnlaget for restriksjonar/føresegner som blir knytt til kvar enkelt omsynssone og arealformål i kommuneplanens arealdel. Kommunen skal i samarbeid med vassverkseigaren vurdere behovet for restriksjonar for å verne råvasskjelder, vasstilsigsområde, drikkevassbasseng og annan kritisk infrastruktur. Dette skal vere synleg i kommuneplanens arealdel. De må også vurdere om det skal avsetjast omsynssoner med tilhøyrande planføresegner etter §§ 11-7, 11-8, 11-9 og 11-11 i plan og bygningslova (PBL), jf. drikkevassforskrifta § 26.

Sikre vasskjeldene ved å etablere omsynssoner med føresegner

Drikkevasskjeldene må vere synlege i plankarta saman med omsynssoner og føresegner. Kommunen skal saman med vassverka vurdere behovet for omsynssoner med føresegner for:

- Hovudkjelder med vasstilsigsområde (overflatekjelder og grunnvasskjelder)
- Reservevasskjelder og framtidige kjelder med vasstilsigsområde
- Kommunale og private vasskjelder med vasstilsigsområde
- Kritisk infrastruktur i vassforsyninga (til dømes overføringsleidningar, drikkevassbasseng etc.)

Føresegnene skal vere konkrete for tiltak og aktivitetar som ikkje blir tillatne innanfor omsynssona. Dette omfattar også aktivitetar og tiltak som ikkje krev løyve frå kommunane. I tillegg skal føresegnene vere tydeleg nok for å avgrense aktivitetar som ikkje kan akseptast innanfor omsynssonene. Føresegnene kan inkludere både forbod og påbod.

Dersom vassforsyningssystemet strekkjer seg over fleire kommunar, bør det etablerast føresegner som er likelydande for råvasskjelda og heile tilsigsområdet, uavhengig av kommunegrenser.

Drikkevassomsynet til framtidige drikkevasskjelder må komme tydeleg fram i planane. I planarbeidet bør kommunen vurdere å verne eventuelle kjende grunnvassressursar eller eigna overflatevasskjelder som per i dag ikkje blir brukte til uttak av drikkevatt. Dette kan ein gjere ved å fastsetje omsynssone etter PBL 11-8 bokstav d) om bandlegging etter andre lover, til dømes vern av framtidige drikkevasskjelder, jf. vassressurslova § 13 fjerde ledd og vedtak etter vassforskrifta.

Føresegner for etablerte hovudkjelder, reservekjelder og for framtidige kjelder skal vere:

- Baserte på farekartlegging av råvasskjelde med tilsigsområde
- Relevante og tilstrekkelege
- Konkrete for tiltak og aktivitetar som ikkje er tillatne
- Lett tilgjengeleg for alle

Heilskapleg forvaltning av vass- og avløp som kriterium for utvikling

Vatt og avløp (VA) er kritisk infrastruktur. For at kommunen skal ha god oversikt, ser vi at det er avgjerande at de har oppdaterte, heilskaplege vass- og avløpsplanar som dekkjer heile kommunen. Gjennom den overordna planen skal kommunen ta stilling til behovet for nye eller oppdaterte tiltaksplanar for fornying av leidningsnett, sanering, reduksjon av lekkasje med

meir. Planar om vassforsyning, avløp og vassmiljø bør ein sjå i samanheng. Dei bør vere konkretisert i ein temaplan eller ein kommunedelplan. Vi viser til PBL § 3-1 bokstav i) om heilskapleg forvaltning.

Ei systematisk oversikt og vurdering av vass- og avløpssituasjonen i kommunen bør inngå i eit samla grunnlag for vidare utvikling, utbygging og arealbruk. Slik kan kommunen ta omsyn til drikkevatn og leveringstryggleik ved arealdisponeringar og løyve som følgjer av KPA.

Sikre heilskapleg planlegging gjennom rekkjefølgjekrav

Rekkjefølgjekrava skal bidra til å sikre heilskapleg planlegging i nye og/eller reviderte reguleringsplanar, og til å sikre heilskaplege løysingar for vatn, avløp og overvatn, jf. PBL § 3-1 bokstav i).

Vi forventar at det blir laga konkrete rekkjefølgjekrav i kommuneplanens arealdel som blir vidareført til neste plannivå. Gjennom rekkjefølgjekrava skal kommunen sikre at omsyn til drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd blir ivareteitt i planprosessane. Det er hensiktsmessig å etablere rekkjefølgjekrav som ivaretar desse omsyna i dei ulike arealformåla.

Tilknytting til eksisterande vassforsyning, eller større fellesanlegg

Når de planlegg å legge ut nye bustad- (medrekna fritidsbustader) eller industriområde, eller fortetting innanfor eksisterande busetnadsområde, må kommunen vurdere om det er mogleg å knyte dei til eksisterande vassforsyningssystem i nærleiken eller om nødvendig til nytt fellesanlegg, jf. Nasjonale mål for vatn og helse. Det er hensiktsmessig å etablere rekkjefølgjekrav som ivaretar dette.

Kommunen må ha målsetjing om å auka tilknyttinga til eksisterande vassforsyningssystem. Mattilsynet forventar at kommunen sikrar tilgang til nok og trygt drikkevatn for alle.

Kommunen kan stille krav om tilkopling, jf. PBL § 27-1 og § 27-2 i område der det er bygd ut kommunalt vatn og avløp. Særleg gjeld dette for fritidsbusetnad jf. PBL § 30- 6.

Byggjegranser mot drikkevassleidningar

Det bør vurderast å etablere føresegner som set byggjegranser mot offentlege vass- og avløpsleidningar. Tiltakshavar er pliktig til å vise aktsemd og orientere seg om infrastrukturen i grunnen. Dette gjeld også infrastruktur for private vassforsyningssystem.

Særskild utgreiing av løysingar for drikkevatn før utbygging

Når de skal vurdere forslag til nye utbyggingsområde, skal tilgangen til vatn og avløp inngå i vurderinga. Der KPA gir retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging, skal ein særskild beskrive og vurdere tilgangen til helsemessig trygt og nok drikkevatn og avløp. Dette kan gjerast i ei konsekvensutgreiing (KU) jf. PBL § 4-2.

KPA må innehalde ei heilskapleg kartlegging og vurdering av vatn og avløp til kvar enkelt reguleringsplan. De må stille krav om ein teknisk plan for vassforsyninga før det blir gitt løyve til tiltaket. Planen skal vere utarbeidd av kompetente personar og innehalde informasjon om og vurdering av relevante forhold og om løysingane er gjennomførlege. Vass-, avløps- og overvassplan (VAO-plan) må vere godkjend av relevant fagstyresmakt i kommunen før første gongs høyring.

KPA må ha føresegner for arbeid med reguleringsplanar. Føresegnene bør krevje at tiltakshavar dokumenterer at den planlagde vassforsyninga er etablert og gir både nok og trygt drikkevatn før bustad blir tatt i bruk, slik det blir kravd i PBL § 27-1.

Vassverkseigar har ansvar for vassforsyninga

Nye fellesanlegg skal vere eigd av kommunen når dei er av ein viss storleik, som bestemt i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanlegglova) §§ 1 og 2. Det er kommunen som har styresmakt og forvaltar denne lova. Mattilsynet erfarer at fellesanlegg med kommunalt eigarskap sikrar stabile forhold og systematisk oppfølging av vassforsyninga. Det er viktig at abonnentane har pålitelege og varige løysingar som sikrar trygt og nok drikkevatn.

Leveringstryggleik og beskyttelse av vassforsyning i spreidd busetnad

Det må komme fram i føresegnene at spreidd bustad, fritids- og næringsbusetnad skal koplust til ei drikkevassforsyning som leverer hygienisk trygt drikkevatn i tilstrekkelege mengder. Løysinga kan vere tilkopling til eksisterande vassforsyning (fellesanlegg) eller etablering av ny vassforsyning.

Kommune og eigarar av vassforsyningssystem må beskytte råvasskjelder og vasstilsigsområde gjennom reguleringsplanar som fastset omsynssoner som avgrensar aktivitetar.

Føresegnene i reguleringsplanar må krevje at tiltakshavar dokumenterer at den planlagde vassforsyninga er etablert og gir både nok og trygt drikkevatn før bustad blir tatt i bruk, slik det blir kravd i PBL § 27-1.

Planar kan også innehalde rekkjefølgjekrav om at alle etablerte bustader, hytter og næringsbygg skal vere tilkopa fellesanlegg, og at ein ikkje tillet etablering av privat vassforsyning og avløp i planområde der fellesanlegg er vedteke.

Planprogrammet

Vi ser positivt på at vassforsyning er omtalt i forbindelse med næringsformål i planprogrammet.

I kapittel 4.2 «Utfordringsbiletet knytt til planlegging av areal for energiproduksjon» er folkehelse omtalt, og det står at «formuleringane kan justerast ved behov i løpet av planprosessen». Vi meiner at vassforsyning er ein viktig del av folkehelseperspektivet i kommunal planlegging og må omtalast i dette kapittelet.

I kapittel 5.2. «Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse» er «infrastruktur» med i sjekklista for ROS-analysen. I planprogrammet går det ikkje fram kva som blir definert som infrastruktur.

Plantehelse – hindre smittespreiing av planteskadegjerarar

Mattilsynet forvaltar regelverk for nokre planteskadegjerarar og eitt ugras. Dette gjeld skadegjerarar som har vesentlege samfunnsmessige konsekvensar, som potetcystenematoder (PCN) og floghavre. Det er derfor viktig at reguleringsplanar har føresegner med tiltak for å unngå spreiiing av planteskadegjerarar. Det er forbode å flytte jord med PCN og/eller floghavre.

Vi viser til Miljødirektoratet for informasjon om framande artar og nødvendige tiltak.

Fiskehelse og fiskevelferd hos akvatiske dyr

Der det er relevant, bør de lage føresegner som vil førebyggje overføring av kjent og ukjent smitte mellom vassdrag med områda rundt (inkludert akvakulturanlegg). Det må stillast krav til entreprenørar og anna relevant verksemd om vask og desinfeksjon av anleggsmaskiner og anna utstyr før det kan nyttast i og nært vassdrag. Det er hensiktsmessig å etablere rekkjefølgjereglar som ivaretar dette.

God områdestruktur er ein føresetnad for god biotryggleik, førebyggjande helsearbeid og beredskap. Dette bidreg også til god berekraft.

Akvakulturnæringa har eit sjølvstendig ansvar for biotryggleik og plassering av akvakulturlokalitetane. Det er viktig med gode planprosessar som involverer næringsaktørar og aktuelle sektorstyresmakter.

Dyrehelse og dyrevelferd

Mattilsynets forvaltningsområde omfattar dyrevelferdsmessige, eventuelt også dyrehelsemessige, uheldige konsekvensar av naturinngrep. Dyr skal vernast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar. Det bør vere ei føresegn i KPA som varetek dette. Til dømes må gjerde og liknande bli utforma og haldne ved like på ein slik måte at dyr ikkje kan komme til skade. Kommunen skal ta tilstrekkeleg omsyn til viktige trekkruter, habitat og viltlevande dyr.

Mattilsynet kan fremje motsegn

Mattilsynet kan fremje motsegn til planforslag, jf. plan- og bygningsloven § 11-16, jf. § 5-4.

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for drikkevatn med ansvar for å ta vare på nasjonale og regionale føringar i plansaker som kan påverke drikkevatn.

For å verne helsa til folk er det viktig å ha planar for sikker levering av helsemessig trygt og nok drikkevatn, jf. drikkevassforskrifta § 9.

I kommuneplanens arealdel skal eksisterande vasskjelder og framtidige kjelder synleggjerast med omsynssoner, jf. drikkevassforskrifta § 12. Hovudkjelder og reservekjelder skal ha tilfredsstillande og langsiktig vern slik at dei ikkje vert forureina eller får svekka kvalitet.

Mattilsynet kan fremje motsegn til planen dersom

- nasjonale og regionale føringar ikkje er ivaretekne
- det ikkje er fastsett omsynssone med føresegner for råvasskjelder med tilsigsområde (hovudkjelder, reservevasskjelder og framtidige kjelder)
- føresegnene ikkje er tilstrekkelege for både tiltak og aktivitetar til å sikre råvatn og drikkevatn mot forureining
- det manglar rekkjefølgjereglar til å sikre at sektorområda våre er ivaretekne.

Med hilsen
Mattilsynet, tilsynet

Eli Marie Thompson
seniorinspektør

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK